

ARBEIDSPLAN 2021

VALLDAL IDRETTSLAG

VEDLEGG 3

Valldal Idrettslag vil arbeide for å legge til rette for at alle som har lyst, interesse og motivasjon skal kunne utøve fysisk aktivitet med bakgrunn i den enkelte sine ønskjer og behov.

All aktivitet skal bygge på norsk idrett sine grunnverdiar glede, fellesskap, helse og ærlegheit. Arbeid skal vere prega av frivilligheit, demokrati, lojalitet og likeverd.

Organisasjon

Mål: Valldal IL skal ha ein organisasjon som støttar opp under aktivitet på ulike nivå i laget.

Arbeidsbelastning skal i størst mogeleg grad fordelast på fleire

Tiltak :

- styremedlemmar og tillitsvalde skal ha nødvendig kunnskap for å ivareta sine funksjonar
- vidareutvikle stilling som dagleg leiar
- oppfylle krava om registrering og oppbevaring av personopplysningar; GDPR
- lage plan for sikker lagring og oppbevaring av ulike lagsdokument (referat, protokollar, brev, planar mm)
- fornye sertifikat som reint idrettslag
- arbeide vidare med ROS-analyse og beredskapsplan

Anlegg-utstyr

Mål: Valldal IL skal til ei kvar tid ha anlegg og utstyr tilgjengeleg som samvarar med dei aktivitetar som laget driv. Det skal leggast vekt på godt vedlikehald og gode driftsrutiner.

Tiltak

- Følgje opp og rullere plan for anlegg og utstyr
- Bruke lønna personale til reinhald og vedlikehald.
- Halde fram planarbeid for reservearena, reserveløyper for ski/skiskyting på Grønningsæter/Høghjelle
- Stell av grasmatte på Valldal stadion, ugras og nysåing
- Gjere ny vurdering om legging av fast dekke/tartan på friidrettsdelen på Valldal stadion.
- Vurdere lysanlegg på Valldal stadion.
- Alternativ med drenering og asfaltering av område inn mot baksida av klubbhuset
- Gjere ferdig arbeid med rydding og organisering av garasje på klubbhuset
- Innbyttarbenkar kunstgrasbane
- Oppgradering av kiosk på kunstgrasbane
- Etterfylling av granulat kunstgrasbane
- Endringar på kunstgrasbana og behandling av gummigranulat i samsvar med ny forskrift
- Opprydding i hoppbakkar

Likestilling og mangfold

Mål Oppretthalde fordeling mellom jenter/kvinner og gutar/menn når det gjeld aktive, trenarar, leiarar

Tilbud til personar med nedsett funksjonsevne

Inkludere innflyttarar i idrettslaget

Tiltak

- Utlån av utstyr
- Tilrettelegging av anlegg for ulike grupper brukarar
- Informasjon om kva tilbud som tilbod idrettslaget gjev til innflyttarar

Økonomi

Mål: Valldal IL skal ha ein sunn, god og oversiktleg økonomi. Drifta skal årleg minimum gå i balanse og laget skal totalt ha ledige midlar tilsvarande 50 % av årlege inntekter. Målsetting om 300 betalande medlemmar. Alle som deltek i aktiv idrett for Valldal IL skal vere medlem i laget, andre som brukar laget sine anlegg og tilbod bør sterkt oppmodast til å teikne medlemskap.

Tiltak

- vedtekne budsjett og arbeidsplan for kvar enkelt undergruppe og Valldal IL vere retningsgjevande for drift
- det utarbeidast halvårleg rekneskapsrapport som skal leggjast fram for styret
- utarbeide forenkla kontoplan
- lage rutiner for kasserarane for kontroll og kontering av bilag
- betre rutiner med VIPPS og bankterminal
- verving av nye medlemmar for å nå målsetting. Argumentasjon for å vere medlem. Bruke eigne arrangement for marknadsføring og skaffe nye medlemmar.
- vurdere om det skal innførast krav om medlemskap for føresette dersom barn vert innmeldt
- det skal gjennomførast fellestiltak som vil vere med å sikre økonomien i laget

Informasjon

Mål Valldal IL skal informere om aktivitetar og arbeid både internt i laget og eksternt.

Tiltak

- oppgradere nettside
- administrere facebookside for Valldal IL
- informasjon som vedkjem Valldal IL distribuerast til heile styret
- på styremøte skal det settast av tid til gjensidig informasjon
- lokal- og regionalpresse nyttast til informasjon om aktuelle saker, særleg når det gjeld aktivitet
- informasjon om arrangement og tiltak skal annonserast i lokalavis. Eigne flygeblad kan også brukast
- bruk av informasjonsskjermer, administrert av Fjordhagen.

Rekruttering - utdanning

Mål Valldal IL skal ha fokus på rekruttering av unge til aktivitet og idrett, men også ha tilbod til vaksne på ulike nivå og i ulike aktivitetar. Undergruppene har ansvar sine respektive særrettar. Det skal leggjast til rette for at medlemmar i Valldal IL kan utøve sin idrett på ulike ambisjonsnivå

Det må leggjast vekt på kompetanse mellom leiarar og trenarar. Det er viktig å halde seg til norsk idrett sine retningslinjer, spesielt for barneidrett.

Tiltak

- Valldal IL støttar opp under tiltak for å auke kunnskapen hos trenarar og leiarar
- Å jour oversikt over trenarar/leiarar der det er innhenta politiattest
- ”Trenarforum”, temakveldar for fagleg påfyll, inspirasjon og motivasjon av trenarar, leiarar og føresatte
- idrettskule for aldersgruppa 6-9 år, jfr gåve frå Sparebanken Møre. Organisering med aktiviet i samsvar med sesong

ARBEIDSPLAN 2021

VALLDAL IL – DISKSPORT

Utdanning

Mål:

- **Få på plass kvalifisert trenarkompetanse.**

Tiltak:

- Sende medlemmar som har motivasjon og ynskje på trenarkurs.

Representasjon

Mål: Delta på viktige arenaer for å utvikle og synleggjere sporten.

Tiltak:

- Delta på nasjonalt klubbårsmøte i Norges Amerikanske Idretters Forbund (NAIF), som i år går digitalt på Teams over fleire kveldar.

Aktivitet

Mål:

- **Allsidig aktivitet for medlemmane gjennom heile året og halde bana på Jemtegård feriesenter i god stand i samarbeid med eigarane.**

Tiltak:

- Arrangere banegjennomgang og dugnad før sesongoppstart.
- Skifte utkastfelt på 5, 7, 11, 14, 16 og 17. Vi må skaffe meir kunstgras (høyre med AaFK?).
- Lage trapp opp til utkast 7. Krev ein del materiale.
- Arrangere dugnadar før Vårslepp og Jemtegård Open. Kose oss etter dugnad med grilling, kaffi og kaker.
- Jamne ut og fyll på med meir jord rundt korgane. Då kan vi i framtida skaffe oss eigen robotklippar eller leige plentraktor til å klippe.
- Arrangere Vekas runde (12 hol) kvar fredag i perioden april til september.
- Arrangere Søndagsrunden (18 hol) i perioden april til september.
- Arrangere eventuelt andre konkurransar på sparket.
- Arrangere Vårslepp laurdag 1. mai, som også blir ein del av Sunnmørstour 2021.
- Arrangere Jemtegård Open laurdag 7. august.
- Arrangere klubbmeisterskap laurdag 25. september.

Rekruttering

Mål:

- **Fleire nye medlemmar inn i VIL Diskgolf.**

Tiltak:

- Få dei som allereie er medlemmar, og som kastar frisbee, til å «huke av» på diskSPORT inne på MinIdrett.no.

- «Avertere» på dei andre gruppene sine Facebook-sider/grupper.
- Henge opp plakatar og marknadsføre oss i resten av kommunen også.
- Høyre med hovudlaget om vi kan ha korger ståande på Omenås.

Resultat

Mål:

- **Medlemmar som ynskjer det, deltek på konkurransar både på regionalt og nasjonalt nivå.**

Tiltak:

- Delta på Norgescup, NM, Sunnmørstour og andre lokale turneringar.

Økonomi

Mål:

- **Skaffe tilstrekkeleg med midlar til å kunne gjennomføre arbeidsplanen.**

Tiltak:

- Søke utstyrsmidlar.
- Utsifting av VIPPS-plakatar. Setje på strategiske plassar.
- Vurdere sponing av hol på bana.
- Klubbmarkørar

ARBEIDSPLAN 2021

VALLDAL IL – FOTBALL

Utdanning-

- ønsker fokus på **Fair Play**. Treningar/lagleiarar og foreldre som er med på kamp/treningar bør ha eit ansvar for å sjå alle spelarar og gi tilbakemelding om det vert observert noko. ALLE skal ha det kjekt både på trening og kamp her med oss. Vi i styret vil gjerne ha tilbakemelding om det oppstår situasjonar/ting som er kjedeleg – vi bidreg der vi kan.
- eit ønske er at dei som stiller på som treningar for borna våre tek trenar kurs sponsa av oss. Greit å ha litt i “botn” når ein skal handtere born som alle er forskjellige. Og i tillegg skaffe seg litt kontakter med dei andre treningar rundt om på Sunnmøre.
- rekrutterer dommarar – og at dei som tek dommar kurs vert likt benytta, slik at alle får erfaring.
- fokus på likestilling/mangfald - jenter og gutar.
- keeperfokus-arrangere keepertreningar-oppfordre til keeper kurs-legge til rette for keepertreningar.

Aktivitet-

- **arrangere miniturneringar** (melder oss ikkje opp til dette i år pga. smittesituasjon)
- **arrangere TINE Fotballskule** (alt etter om smittesituasjon tillet dette).
- **Julegrendacupen 2021** (alt etter om smittesituasjonen tillet dette). Dette er eit populært innskudd i jula- håpet er at vi i år kan halde fram med denne tradisjonen.
- **Rekrutteringsdag** våren 2021 for fotball – ein kjekk dag ute med aktivitetar
Gjerne bruke dei eldre spelarane som kan “trikse” og aktivisere dei mindre.
- **Fair Play samling**- ein ettermiddag/kveld/helgedag der ein får til eit kjekt opplegg, der fokuset er samspel, framsnakking og rose kvarandre – gjere kvarandre gode. Gjerne hente inn spelarar frå klubbar som kan fange interessa til borna.

Mål-

- jobbe for at flest mogeleg vil halde fram med fotball – gjere fotballmiljøet kjekt .
ALLE som har lyst, skal få lov å spele fotball her med oss. **Fokus på FairPlay.**
- Jobbe for å halde økonomien i klubben så solid og god som mogeleg.
- Jobbe for fleire/nye sponsorar , utvikle programbladet.
- halde kostnadane nede, til dømes : passe på utstyret vårt - slokke lysa på bana når vi reiser derfrå og liknande.
- vi må jobbe for å få media fram og skrive litt om oss før sesongstart/når noko skjer, skape litt blest om klubben vår.
- vi må huske og takke/snakke varmt om alle dei bedrifter rundt om som stiller opp gong på gong og støtter oss slik vi har moglegheit for å halde fram arbeidet vårt.
- gjere alle kjende med retningslinjene til VIL Fotball og at desse vert følgde.
- Få lag til å melde seg på cupar (Norway Cup og liknande.) (om smittesituasjonen tillet dette).

Investeringar 2021-

- vi bygger siste innbyttar benken i løpet av 2021.
- vi treng ei ny luke/nytt vindauge i kiosken, slik det er no kan den ramle i hovudet på nokon. Klar til sesongstart.
- Vi designer og bestiller eit nytt skilt som skal vere under kioskluka for å dekke den stygge veggen (kva som kjem fram i sola). Der skal der stå Vipps nummer – QR kode? - og anna relevant kiosk info.
- Kioskgolvet skal avstivast – Hovden Bygg/Anders Rem tek seg av dette – evt. Ta dette på dugnad?

Ellers -

- vi fekk ein sjekk frå Tafjord på jubileumsfesten, denne har vore søkk vekke. Dukka opp før jul 2020. Då var den utgått, men skal undersøke om den fortsatt kan brukast.
- arbeidsgruppe som jobbar med lys på stadion – det vore lite aktivitet der – ta opp tråden på dette.
- Rongve avtalen er fornya for 3 nye år- styret såg det som ille å avslutte denne avtalen, då vi har mykje som då må byttast ut om vi skulle avslutte avtalen. Denne er godt innarbeidd, dei kjenner oss godt, er veldig raske og gode på service.
- Minner på tiltak for å forenkla avvikling av ein eventuell julegrenda cup: legg inn på kjøyre/kiosklistene for hausten også julegrendacupen, då har folk fått beskjed i god tid og god tid å bu seg på det og evt finne andre til å ta vakta. Så slepp vi stå utan folk på sjølve dagen.

Verdt å nemne-

- Marius Moe er vald inn i styret i fotballkretsen.
- Innbyttarbenk nr 1 på KGB, vart sett opp av lærling frå Valldal Høvleri som fagprøve.

Takk for godt utført arbeid!

ARBEIDSPLAN 2021

VALLDAL IL – FRIIDRETT

Hovudmål: Større interesse for og deltaking i friidrett

Arbeidsområde:

Utdanning:

- Målsetjinga er å rekruttere trenarar, instruktørar og dommarar. Tilbod om kurs.

Aktivitet:

- Friidrettscup, Storfjordstemne og stafett i samarbeid med naboklubbane.

Mål: -

- Minst 40 deltakarar med samanlagtpræmie for deltaking i tre eller fleire cupar
- Skape større interesse for friidrett generelt
- Delta i fleire stafettar

Tiltak:

- Meir samarbeid med naboklubbane
- Aktiv marknadsføring av arrangement gjennom facebook og heimeside
- Engasjere gjestetrenarar som kan motivere og inspirere
- Idrettsmerke
- Fleire øvingar på friidrettscupen
- Oppdatering av utstyr

Rekruttering:

- Satse på rekruttering av flest mogleg gjennom friidrettscupen.
- Tilbod om friidrett i idrettskulen.
- Betre tilrettelegging/organisering for dei som vil delta aktivt.
- Famne fleire med meir varierte øvingar

Likestilling og mangfald:

Mål: -

- Like mange aktive begge kjønn, unge og vaksne.
- Deltaking i ulike typar øvingar og løp på bane, landeveg, i terreng og motbakke

Tiltak:

- Arrangere uformelle treningar i td. motbakke i forkant av Mefjellet opp for å auke motivasjon og deltaking. Større mangfald i øvingar på våre arrangement.

Resultat:**Mål:**

- 2-3 utøvarar som kan hevde seg på krets nivå og/eller nasjonalt i ulike øvingar eller løp på eller utanfor bane.

Økonomi:

- Det bør vere god nok økonomi i gruppa til å kunne dekke startkontingent og støtte dei som vil delta på større stemner utanfor nærområdet. For å få til dette må vi skaffe meir inntekter gjennom mellom anna eigne arrangement.

ARBEIDSPLAN 2021

VALLDAL IL – SKI

Skape skiglede og leggje til rette for utøving av langrennssporten for personar i alle aldrar og på alle nivå.

Delmål

1. Skape gode treningsforhold for breidde og topp.
2. Flest mulig løparar i Storfjordlangrenn.
3. Halde økonomien i pluss.
4. Halde same nivået på breidde i arrangement (skikafe, skirenn, trening)
5. Løfte fram helsebringande naturopplevingar og klubbhuset som ein hyggeleg møteplass i skisesongen.
6. Lage ett årshjul for året
7. Lage innstrukser for ulike arbeidsoppgåver (eks rennleiar, løypesjef etc)
8. Lagring av viktige dokument på felles plattform (løypekart, referat, løypebeskrivelser)
9. Kompetanseheving på fleire plan. Trenere, utøvere, foreldre. Gjøres med trenerkurs, seminar, foreldremøte og fagforum/trenerforum lokalt.

Arbeidsområde:

Utdanning

- Holde høgt nivå på trenere. Dette gjøres kontinuerlig gjennom kursing, fagforum og støtte opp under treningsaktivitet.
- Egen fb side for trener i vil ski der en utveklser erfaringer og økteksempler.
- Delta med trenere på kretsen sine fagforum (vår og høstmøte).
- Kjøre skiskyttereskule kvar høst ved behov.

Aktivitet

- Legge til rette for flere treninger i laget pr uke frå skulestart til påske.
- Skitrening, styrketrening, skiskyttertrening. Holde skikafe en dag pr uke frå januar til påske.
- En må tilpasse økter etter periode og antall.

Rekruttering

- Legge tilrette for at det skal være kjekt å være på trening.
- Legge opp til varierte, lystbetonte og interessante treninger.
- Lav terskel for å bli med på ski og skiskyting.
- Laget har utlånski, rulleski og skiskyttervåpen til leie.

Likestilling og mangfold.

- En skal legge tilrette for utøvere på alle nivå.
- Det tilbys tre ulike treningsgrupper med ulik nivådeling og ulikt innhold.
- Sørge for å ha trenerkapasiteter fra begge kjønn. Dette er godt oppfylt på ski der vi har ca 50% fordeling på kjønn. På skiskyting er det kvinneandel på 33 %.

Økonomi

- Holde økonomien i pluss slik at en kan gjennomføre aktivitet og holde spor gjennom sesongen.

Anlegg

- Sørge for at det er tilfredstillende anlegg for trening på barmark og snø.
- Holde jevnlig trakking på snø.
- Oppgradere skiskytteranlegg til å kunne benyttes hele året.
- Iverksette plan om skiskytterarena Grønningsæter.
- Vurdere behov og mulighet for trakking med rull ved lite snø og sålebygging.

ARBEIDSPLAN 2021

Valldal IL – trim

Planlegge og gjennomføre følgende dersom det er mogelig innafor gjeldande smittevernreglar:

- Sykkeltrim
- Fjelltrim
- Nyttårsmarsj